

## Herand Musikklag si 50-års feiring



**Herand Musikklag anno 2009.** Dirigent Una Eiken nr.5 frå venstre. Foto: Silje Forthun Solvi

Herand Musikklag si 50-års feiring vart markert 26. september med stor fest på skulen. I gymsalen hadde Kvinne-og familjelaget dekkja til om lag 180! Det vart servert flotte snittar med m.a. nydeleg røykelaks som var ei gåve frå Marine Harvest Jondal, og gode kaker som 20 velvillige damer hadde baka. Åsmund Aarvik losa oss lett og ledig gjennom programmet som starta med ei dramatisering av det som hende for 50 år sidan då dei fyrste instrumenta kom til bygda. Einar Ystevik hadde skrive dette, og Magnus Eiken, Kjellaug Hoås Samland og Tor Håkon Huus var skodespelarar. Me fekk også eit lite innblikk i korleis det er å vera den som er att heime når det er torsdagsøvingar – ført i pennen og framført av Elna Storegjerde.

Det var sjølvsgatt mykje korpsmusikk. Korpset, under leiing av dirigent Una Eiken, spelte eit variert repertoar der m.a. 4 nye aspirantar var solistar. Det var stor applaus då det vart avslutta med Jubilantmarsj.



4 aspirantar med sitt fyrste solonummer. Foto: Kirsti Svåsand

Neste avdeling med korpsmusikk var det endå meir "trøkk" i. 18 tidlegare musikantar i korpset var med og øvde fleire timar fredag kveld. Og repertoaret vart klart for framføring på festen!! Arild B. Nielsen, som var dirigert i korpset i mange år, leia denne avdelinga.



Felleskorpset med dirigent Arild B. Nielsen. Foto: Olav Aarvik

Eit tilbakeblikk hører også med på ein jubileumsfest, og det fekk me i form av bilete og tekst. Det var Lars og Åsmund Aarvik som hadde sett saman stoff dei hadde fått av Sverre Haugen. Det vart også vist ein liten smakebit av ein film Heidi Eiken har produsert på grunnlag av bilete, film og lydopptak ho har fått lånt av mange personar i bygda. Denne vil verta å få kjøpt seinare.

Fleire gratulantar tok ordet, og korpset har fått fleire gåver gjennom året. Me takkar hjarteleg for blomar og pengegåve frå Norges Musikkorps Forbund Hordaland ( 750 kr ), frå Jondal kommune ( 5000kr), Sparebanken Hardanger ( 5000kr), Glenn Olsen ( 10.000kr), Herand Danselag (500kr) og Herand Bygdelag (10.000kr). Tusen takk også til Marine Harvest Herand for gode fleecgensarar , til Marine Harvest Jondal for flotte T-skjorter og god laks og til Jondal Musikklag for ei kjempefin blomekorg



Leiar i HM, Einar Samland, får blomar og pengegåve frå Norges Musikkorps Forbund. Foto: Olav Aarvik

Me er utruleg takksame for at me har så mange i bygda som støttar opp om oss. Utan all hjelp hadde me aldri fått til ein så flott fest. Om lag 45 gode hjelparar stilte opp for oss med alt frå tillaging, baking, servering, henting av bord og stolar, opprydding, vasking.....osv... Me vil og takka dei 57 støttemedlemmene me har. Å kjenna slik velvilje og positivitet varmer og gjev motivasjon til å halda fram med øving kvar torsdag.